



KYSTVERKET

Vestnes kommune
Brugata 10
6390 VESTNES

Vår ref
2021/4855-5

Arkiv nr

Sakshandsamar
Børre Tennfjord

Dato
09.08.2021

Uttale til avgrensa høyring av Reguleringsplan Reistad Småbåthamn - Vestnes kommune - Møre og Romsdal fylke.

Kystverket er eit direktorat i Samferdselsdepartementet og ein nasjonal etat for kystforvaltning, sjøsikring og beredskap mot akutt forureining. Vi arbeidar aktivt for ein effektiv og sikker sjøtransport gjennom å ivareta transportnæringa sine behov for framcome og ein berekraftig utvikling av kystsona. Vi opptrer som eigar og forvaltar av farleisinntallasjonar, fyr og merke og medverkar som statleg fagstyresmakt med sektoransvar i sjøarealet, medrekna det å legge til rette for effektiv, sikker og miljøvenleg drift av hamner og bruk av farvatnet.

Vi syner til brev datert 05.08.2021 med forslag til korrigerert planforslag for Reistad Småbåthamn i Vestnes kommune. Framlegget er sendt på avgrensa høyring og andre gongs offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova sine §§ 12-10 og 12-11.

Planen sitt føremål

Planområdet er framleis avgrensa til om lag 6 daa, inkludert 4 daa sjøareal. Føremålet med planen er uendra frå tidlegare. Ein ønskjer å legge til rette for etablering av småbåthamn med molo, samt tilkomst til hamna.

Planen er utvikla som detaljregulering og i utgangspunktet samsvarande med kommuneplanen sin arealdel med omsyn til føremål og avgrensing. Det er gjennomført nokre korrigeringar og endringar i planen, etter at det vart lagt fram faglege føringar og motsegn frå offentlege etatar.

Kystverket sine høyringsinnspel

Kystverket har no gått gjennom den reviderte planen med tilhøyrande korrigererte planføresegner og tilpassa ROS-analyse og har ikkje noko ytterlegare å merke.

Våre kommentarar til fyrste gongs utlegging og offentlege ettersyn av planforslaget, er framleis dekkjande for Kystverket si oppfatning og vi held fast på desse.


Konklusjon

Kystverket syner til den omarbeida planen med reviderte føresegnar og legg til grunn at kommunen kan eigengodkjenne planen som framlagt.

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766



Med helsing

Jan Morten Hansen
avdelingsleder

Børre Tennfjord
sjefingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakarar:

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune
Norges vassdrags- og energidirektorat Region vest
Fiskeridirektoratet Region Midt
Statens Vegvesen Transport Midt

Postboks 2520	6404	MOLDE
Postboks 2500	6404	MOLDE
Postboks 5091, Majorstuen	0301	OSLO
Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Postboks 8142 Dep.	0033	OSLO

Vedlegg: